



Innsats i BTI – Psykisk helseteneste

NAMN PÅ TILTAKET: Kartlegging	GJELD NIVÅ: 2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år	
Omfang: kartlegging i løpet av 1-3 samtaler	Kontaktperson i tenesta: Nancy Bøhn Helgesen e-post: nancy.helgesen@sveio.kommune.no
<p>Omtale av tiltaket: Etter tilmelding til psykiatrisk sjukepleiar blir det gjort ein kartleggingssamtale gjerne med barnet og førestette i saman. Det kan vera naudsynt med fleire samtalar for å avdekke kjernen i det barnet slit psykisk med, då relasjonen og barnet si tillit til den dei skal opne seg for er svært viktig . Samtykke frå foreldre/føresette skal ligge føre når psykiatrisk sjukepleiar blir kopla inn med tiltak til unge under 16 år.</p> <p>Av kartleggingsverktøy elles blir i ulik grad og omfang nytta følgande skjema: DAWBA Utvikling og trivsel (innkomst-kartlegging barn/unge), CDI (Avkryssingsskjema der barn skal beskrive korleis dei på ulike område har hatt det dei 2 siste vekene), Psykologisk førstehjelp -skjema (Grøne og raude tankar), MADRS (depresjonsskala), CORS (skala for endringsvurdering barn/unge), «Følelser er noe som bor i kroppen vår» (kor sit dei ulike følelsar?), KATE-barn og KATE-foreldre (kartlegging av traumeerfaringar)</p>	
NAMN PÅ TILTAKET: PEACE - Foreldrerettleiing ift barn med angst Individuelt og som kurs	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år	
Omfang: Individuelt: 2-5 samtalar, I gruppe: 2 kursdagar	Kontaktperson i tenesta: Nancy Bøhn Helgesen e-post: nancy.helgesen@sveio.kommune.no
<p>Omtale av tiltaket: PEACE er eit tiltak som både psykiatrisk sjukepleiar og helsesøster (foreldrerettleiar) kan tilby familiar når barn er engstelige, når angsten til barnet går ut over dagleg fungering. Det er viktig at barn får hjelp til å lære seg å takle det dei er engstelege for. Det kan ofte vera heilt vanlege, kvardagslege situasjonar - eller det kan vera dei har opplevd traumer, noko dei har fått med seg frå media, film eller andre stader, og som kan vera vanskeleg å forstå eller distansere seg frå.</p> <p>Det skal vera låg terskel for å ta kontakt og spør etter hjelp til barna når dei er engstelege, og det finns gode hjelpetiltak som foreldra/føresette sjølv kan bruke.</p> <p>PEACE-retteiing kan ein få anten individuelt eller i gruppe (2 kursdagar).</p> <p>Psykiatrisk sjukepleiar og helsesøster har fått opplæring i PEACE-programmet i Bup (Barne- og ungdomspsykiatrisk avdeling, Helse fonna)</p>	



NAMN PÅ TILTAKET: SAMTALAR med psykiatrisk sjukepleiar barn/unge Tilbod til barn frå barnehagealder til og med 18 år	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: - Barn 0-4 år: foreldresamtaler/retteleing. - Barn / unge 4-18år + tilbod om foreldreretteleing og familiesamtalar - Frå 18 år kan ein får tilbod om samtalar med psykiatrisk sjukepleiar forvaksne	
Omfang: Tal på samtalar vil variere alt etter kva problemstillinga gjeld og kva behov barnet /familien har for oppfølging. Tidleg hjelp /støtte er hovudmålet	Kontaktperson i tenesta: Nancy Bøhn Helgesen e-post: nancy.helgesen@sveio.kommune.no
<p>Omtale av tiltaket:</p> <p>Psykiatrisk sjukepleiar for barn/unge har fast kontortid på ungdomsskulen, og på barneskulane etter behov . Samtaleoppfølging med barn som har psykiske vanskar av ulik karakter etter førespurnad frå foreldre, eller barnet sjølv kan ta kontakt. Foreldre skal gi samtykkje når barnet er under 16 år, der psyk .sjukepleiar skal inn med tiltak. I samtalen med psykiatrisk sjukepleiar blir det først lagt vekt på å etablere ein god relasjon, og kartlegge kva det er barnet slit med psykisk.</p> <p>Tett samarbeid med foreldra/føresette blir vektlagt. Barn og foreldre kan også få tilbod om samtalar i saman. og/eller foreldreretteleing.</p> <p>Psyk sjukepleiar nyttar ulike verktøy i arbeidet der metodane i stor grad er baserte på prinsippa i kognitive terapi. Barnet sjølv får lære seg måtar å mestre sine vanskar, og styrke sjølvfølelsen og sjølvbiletet - slik at dei vidare i større grad skal kunne takle utfordringar dei møter på i livet.</p> <p>Normalisering av ulike følelsar og situasjonar ein møter på både som barn, ungdom og vaksen - er også viktig formidling i samtalan.</p> <p>Når livssituasjonen i barnet sitt liv er kompleks og vanskeleg, anten fordi barnet/den unge sjølv lever i vanskelege kår eller dei sjølv eller familie er ramma av alvorlege sjukdommar (fysiske eller psykiske), er det svært viktig at barnet/den unge blir sett av hjelpeapparatet og får den oppfølginga dei har behov for.</p> <p>Foreldre skal alltid kontaktast dersom barnet/den unge slit med psykiske vanskar, med unntak av saker der det gjeld vold/overgrep. Då er barnevernet/politiet første instans som skal kontaktast.</p>	



NAMN PÅ TILTAKET: PSYKOLOGISK FØRSTEHJELP	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 3 - 18 år	
Omfang: Undervisning til alle barn i kommunen frå barnehage til ungdomsskule: Førskulegrupper i barnehagen, 5. trinn og 8. trinn - 4 undervisningstimar , Elles individuell i klassar etter behov.	Kontaktperson i tenesta: Nancy Bøhn Helgesen e-post: nancy.helgesen@sveio.kommune.no
Omtale av tiltaket: Psykologisk førstehjelp er eit sjølvhjelpsverktøy for å lære barn å setje ord på, og sortere vanskelege tankar og følelsar. Metoden er basert på grunnprinsippa i kognitiv terapi. Målet er å lære barn og unge at kvar enkelt har verdfulle ressursar til å handtere vanskelege situasjonar. Premissa i psykologisk førstehjelp er at barn frå tidleg alder lærer å snakka meir støttande til seg sjølv. Ein kan trene opp evnen til å setje ord på tankar og følelsar, og forstå at det kan hjelpe å snakke med nokon dei er trygge på. Når barn lærer å møte seg sjølv med omsorg og støtte, klarar dei lettare å hjelpe og støtte andre. Undervisninga blir delt i 4 timar: følelsar - tankar - mestring - støtte Det blir gitt opplæring til føresette og lærarar/tilsette som arbeider med barn/unge, etter behov. Psykologisk Førstehjelp blir også brukt i individuelle samtaler og har god effekt i forhold til mestring av angst. Den blir også brukt i forhold til sinnemestring, depresjon og lågt sjølvbilette.	
NAMN PÅ TILTAKET: GRUPPER FOR BARN SOM PÅRØRANDE	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år	
Omfang: Når fleire barn er i ein belastande livssituasjon, kan dei ha nytte av å treffast i gruppe. Slike grupper blir starta når etter behov. Tal på gruppetreff: 6-10	Kontaktperson i tenesta: Nancy Bøhn Helgesen e-post: nancy.helgesen@sveio.kommune.no
Omtale av tiltaket: Det blir sett opp barnegrupper etter førespurnad og behov når det blir vurdert som relevant tiltak Belastningar som gjer barn til pårørande kan handle om alvorleg fysisk eller psykisk sjukdom i nær familie, psykososiale vanskar i heimen, dødsfall, rus, samlivsbrudd eller anna som kan gjera barndom og oppvekst strevsom, ustabil og utrygg i ein livsfase/periode. I ei gruppe der barn er pårørande , vil dette tiltaket vera eit samarbeid mellom helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar. Gruppetreffa vil ha ulike tema som skal styrkje sjølvbilette, sjølvkjensle, mestringsevne og ikkje minst skal barna føle seg sett og høyrte, og få støtte og omsorg i ein svært krevjande livssituasjon. Slike grupper kan og vera eit avlastande tiltak for foreldre/føresette i ein vanskeleg livssituasjon - ved å vite at det også er andre vaksne som ivaretar barna. Veiledningssenteret for pårørande i Haugesund tilbyr også samtalegrupper for barn. Ta gjerne kontakt med psyk spl for henvisning til veiledningssenteret	



NAMN PÅ TILTAKET: NETTVERKSARBEID - ANSVARSGRUPPE	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 år.	
Omfang: 2-4 gonger årleg ved oppfølging frå to eller fleire instansar	Kontaktperson i tenesta: e-post:
Omtale av tiltaket: Når barn/ unge har oppfølging frå to eller fleire instansar kan det være nyttig for barnet/familien og for dei som arbeider med barnet at ein har ansvarsgruppemøter 2-4 gonger årleg der alle samlst. Ein set opp felles mål og tiltak, og dokumenterer kven som har ansvar for kva. Dette blir evaluert på neste møte	



NAMN PÅ TILTAKET: ULIKE UNDERVISNINGSPROGRAM FOR FORELDRE/FØRESETTE I GRUPPER	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe:	
Omfang:	Kontaktperson i tenesta: e-post:
Omtale av tiltaket:	

NAMN PÅ TILTAKET: KRISEHJELP FOR BARN/UNGE	GJELD NIVÅ:2
Aktuell aldersgruppe: 0-18 ÅR	
Omfang: Etter behov, blir vurdert fortløpande for kvar enkelt	Kontaktperson i tenesta: Bente Hovland Johannessen e-post: bente.h.johannessen@sveio.kommune.no
Omtale av tiltaket: Viser til Plan for psykososialt kriseteam (PSK-planen). Når ein familie er ramma av ei krise, er det viktig å vera merksam på at barna også blir ivaretekne og får naudsynt oppfølging. Ofte vil det vera nokon i familien som kan ivareta omsorg for barna. Nokre kan vera meir sårbare, anten ved at dei er få personar i familien eller dei kan vera tilflytta - og ikkje ha andre familiemedlemer i nærleiken - og det kan vera ein familie som alt har store belastningar i livet frå før. Når nokon med barn i familien er ramma av krise, er det i alle høve muleg å vise til at dei kan få tilbod om krisehjelp også for barna. Viktige stikkord når ein skal støtte nokon i krise: NÆRLEIK - OMSORG - KONTAKT	